

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	10	Fylke:	Hordaland
Tilleggsspørsmål nr.		Herad:	Austevoll
Emne:	Lynging og mosing	Bygdelag:	Stolmen
Oppskr. av:	Johan Tufteland	Gard:	Gåsnes
(adresse):	S t o l m e n	G.nr. 18	Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lynging og mosing.

- I a) Ein slår eller skjær lyngen med vanleg ljå (stutturv) og stappar han i sekker etter kvart. Det er vanleg at ein lyt i båt når ein skal henta lyng.
- b) Det har vore nokolunde slik so lenge ein kan minnst. Dei brukte meir sigd før.
- I 1860-åra sank dei meir lyng enn no - opptil 1/2 kufor på kvart bruk. Det var vanleg å driva med "svelteforing". Det var om å gjera å fø fram mange kyr, so vart det mykje mjølk når alle kyrne kom i namnehagen om sumaren. No er det berre nokre få som driv med "svelteforinga". Dei fleste set ikkje meir buskap på enn dei kan fø fram med høyet sitt og noko kjøperor.
- A 1) Det er vanleg at ein lyngar i uår. Under verdskrigen var det ikkje meir lynging enn i fredsåra.
- 2) Det er om våren ein sankar lyng, i april eller so snart smålyngen tek til å grønkast. Kallar det "å lynga".

- 3) Brukar ljà og sigd.
- 4) Både kvinnfolk og mannfolk er og lyngar. Kvinnfolka skjær lyngen og mannfolka stappar i sekkene og ber dei til båten.
- 5) Det er ikkje nokon viss regel for det. Det er mange stader ein kan slå lyng, og det vert gjerne nokre år mellom kvar gong ein er på same staden.
- 6) Fraktar lyngen heim på båt. Dei som but eit stykke frå sjøen og har veg, køyreg han heim. Det er vanleg i småøyar og holmar dei er etter lyng.
- 7) Lyngen vert brukt straks etter han er skoren so han vert berre lagra i sekkene nokre dagar.
- 8) Det er kyrne som får lyng. Dei får lyngen ublanda. Lyngen vert ikkje hakka. Brukar smålyng.

B Har ikkje lyngbeiting.

II Brukar ikke mose til iør.

1710

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING